



Kommunedelplan for naturmangfold
i Hemsedal kommune 2025-2029



Vedtatt dato: 05.03.2025

Foto på framsida: Heiko Liebel

Foto på baksida: Jørn Magne Forland

Det er teknisk etat ved miljø, landbruk og plan som har utarbeida plan for naturmangfold. Planen er forankra i planstrategien for 2020-2023. Representantar frå bondeorganisasjonar og Naturvernforbundet har aktivt komme med innspel.

Forord



Naturmangfold blir viktigere i en verden som stadig tar større deler av naturen i bruk. For å kunne drive med utvikling i kommunen må vi ha kunnskap om hva vi har, før vi kan beslutte hvordan og hvor vi utvikler oss videre.

Kulturlandskap, natur, dyreliv og artsmangfold er noen av temaene i planen. Denne planen vil øke kunnskapen og forhåpentligvis inspirere politikere, barn og unge, fastboende og tilreisende til å ta gode beslutninger for ferdsel, utvikling og hensyn til naturen rundt oss.

Jeg vil få takke alle som har bidratt i arbeidet og delt av sin kunnskap.

Les og lær!

Hilsen
Pål Rørby
Ordfører



Innhold

Forord	3
Ordliste	5
Innleiing	7
Overordna mål og fokusområder	9
Rammer	11
Forvaltning	13
Utfordringar	15
Naturen i Hemsedal	19
Kartleggingar	21
Naturtyper i Hemsedal	23
Fjell	25
Skog	29
Kulturlandskap	33
Rasmark, berg og kantkratt	37
Våtmark og ferskvatn	39
Friluftsliv	43
Tiltaksplan	47

Art: Ei samling med individ som kan krysse seg med kvarandre og utveksle gen. Nokon artar (td. sopp) kan likevel formere seg uavhengig av andre individ (ved celledeling, knoppskyting og jomfrufødsel).

Biologisk mangfald: Jordas variasjon av livsformer: millionar av planter, dyr, sopp og mikroorganismar, deira arvestoff og det kompliserte samspelet dei er ein del av.

Biotop: Anna namn på levestad

Framand art: Ein art som finnast utanfor sitt naturlege utbreiingsområde.

Framandartslista: Vurdering av den økologiske risikoen til framande artar som kan reproduser seg i Norge.

Grønstruktur: Nettverket av små og store naturområde, parkar, bekkar, elver og vatn i by og tettstader

Naturmangfald: Biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald

Naturtype: Eit einsarta og avgrensa område i naturen som omfattar plante-, sopp-, og dyrelivet og tilhøyrande miljøfaktorar.

Prioriterte artar: Ein art som er særleg truga av utrydding, og som er spesielt beskytta etter naturmangfaldslova med eigen forskrift.

Raudlista: Oversikt over truga og sårbare artar. Lista inneheld også artar som er naturleg sjeldne og difor er utsett for å døy ut. Ein art som er direkte truga står i fare for å døy ut i nærmaste framtid. Ein art som er sårbar er i sterkt tilbakegang.

Raudliste for naturtypar: Ei risikovurdering av kva for naturtypar som kan forsvinne frå norsk natur. Naturtypar som er på denne raudlista vert omtala som truga naturtypar.

Utvalde naturtypar: Ein utvald naturtype er ein naturtype som regjeringa har bestemt skal sjåast på som særleg viktig i offentleg saksbehandling. Ein utvald naturtype får ein handlingsplan som skildrar korleis den kan verte sikra.

Økologi: Samspelet mellom artane og deira levestadar

Økosystem: Alle levande organismar som finns på ein stad og miljøet dei lever i.

Økosystemtenester: Skildring av alle goder og tenester me får frå naturen (naturgoder).



Bekk i skogen.
Foto: Jørn Magne Forland

Ein kommunedelplan for naturmangfald skal få fram natur og artar i Hemsedal som er viktig å ta vare på, både på kort og lang sikt. Kartlegging og kartfesting er dei viktigaste verktøya for å få best mogeleg kunnskapsgrunnlag.

Kommunedelplanen for naturmangfald vil ikkje vere juridisk bindande for arealbruk, men gje eit styrka kunnskapsgrunnlag for både politikarar og administrasjonen om korleis omsynet til naturmangfald bør verte ivaretake. Det har vorte lagt stor vekt på at resultatet skal vere både eit handterbart og nyttig kvardagsverktøy for forvaltninga, samstundes som det er lett tilgjengelig for innbyggjarar, utbyggjarar og andre interesserte. I tillegg må det på ein enkel måte kunne oppdaterast og haldast levande, i takt med ny kunnskap og endringar.
Planområdet omfattar heile Hemsedal kommune.

Hemsedal kommune fekk tilskot frå Miljødirektoratet i 2021 for å utarbeide denne planen, saman med 21 kommunar i Norge.

Kvifor er naturmangfald viktig?

Artar har ulike funksjonar; slik som å pollinere, fiksere nitrogen, spreie frø, bryte ned organisk materiale, blande jorda, spise andre artar og produsere biomasse. Kvar og ein spelar si rolle. Aldersvariasjon på trær, og mangfald av ulike treslag påverker kva slags fuglar som hekkar i skogen. Om skogen vert einsarta med kun trær i same alder og treslag påverkast også insektlivet, antall sopp som også fungerar som nedbrytarar og antall mose-og lavarter. Om me fjerner fjærmyggen får ikkje ørreten mat. Om me fjerner frosken vert ikkje insekta regulert. Det er også slik at artsmangfoldet gjev naturen ein større robusthet, noko som innebærer motstandskraft mot endringar og den får ein raskere evne til å hente seg inn att etter forstyrningar.

Økosystema gjev også naturleg beskytting mot storm og flaum, og er difor både viktig for å motverke klimaendringar og for å beskytte mot verknadande av klimaendringar. All natur har ein eigenverdi. I tillegg gjev den oss livsviktige produkt som mat, klær, byggemateriale, medisin og brensel. Velfungerande økosystem leverer også tenester som reint vatn, rein luft, optak av klimagassen CO₂ og pollinering av planter, som er avgjerande for matproduksjon. Naturopplevingar gjev oss glede og trivsel, og færre naturopplevingar og mindre friluftsliv kan faktisk gje oss dårligare helse. Sjølv om velfungerande økosystem er heilt avgjerende for livet på jorda, har nesten ingen av tenestene som økosystema gjev oss, ein pris i kroner og øre. Viktige funksjonar i naturen kan difor lett verte oversett når me fattar avgjerder som kan påverke naturmangfaldet.



Dragehode og bergfrue i lia over Joleim.

Foto: Jørn Magne Forland

Overordna mål og fokusområder

Overordna mål for naturmangfaldet i Hemsedal

Nedfelte mål i samfunnssdelen til kommuneplan for Hemsedal 2019-2030:

- **Skjerme samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen f.o.m. foten av Skogshorn t.o.m. Høgeloft.**
- **Fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging**
- **Oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområder med vekt på dyrka mark, ivareta biologisk mangfald og landskap.**
- **Auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs**
- **Verdifulle naturområder skal kartleggjast og takast vare på**

Mål for kommunedelplanen

1. Gje god oversikt over naturmangfaldet i kommunen.
2. Nyte kunnskapsgrunnlaget i arealforvaltninga.
3. Gje eit utgangspunkt for utarbeidning av handlingsplanar.

Fokusområder

Hemsedal er ei bygd med eit aktivt landbruk og levande kulturlandskap. På same tid er bygda ei av Noregs største reiselivskommunar og turistdestinasjonar. Bruk av natur og ferdsel i natur må skje på ein berekraftig måte, slik at kommande generasjonar skal kunne oppleve den slik me gjer det.

Villrein og fjell

Dei nordvestlege delane av kommunen inngår i Nordfjella villreinområde. I dette området var det opphaveleg ca. 2000 villrein før stammen vart sanert som følgje av bekjemping av skrantesjuke. Det er plan om re-establering av stamma og det vert viktig å ta vare på reinens leveområde.

Hemsedal kan elles karakteriserast som ei fjellbygd med sine kjente fjell som spesielt Skogshorn og Veslehorn. Fjellpartia frå Skogshorn i sør til Høgeloft i nord er i dag tilnærma urørte og representerer ein stor verdi, ikkje berre i forhold til naturmangfald men også i ein kontekst som famnar om identitet og historie.

Fugl

Fugleinteresserte og ornitologar har registrert eit stort artsmangfald i løpet av åra. Det er likevel tilbakegang av fleire artar, noko som skuldast ulike årsaker.

Myr

Myra tek opp klimagassar, kan dempe flom og har ofte eit rikt biologisk mangfald.

Kulturlandskap

Attgroing, endringar i landbruket og klimaendringar påverker artsmangfaldet knytt til kulturlandskapet. Det vil vere behov for skjøtselstiltak.



Engtjæreblom.
Foto: Jørn Magne Forland

Internasjonale avtaler og føringar

FN-konvensjonen om biologisk mangfold er den fyrste globale avtala som skal verne om mangfaldet av planter og dyr i naturen. Konvensjonen skal sikre at me bruker naturen på ein berekraftig måte, og syte for at fordelane ved å nytte dei genetiske ressursane på kloden vert rimeleg og likeverdig fordelt.

FNS berekraftsmål: Mål 15 (livet på land) er eit særskilt relevant mål å sjå til og jobber for å oppnå. Her vil ein beskytte, gjenopprette og fremme berekraftig bruk av økosystemer, sikre berekraftig skogforvaltning, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfold.

FNs naturavtale (Kumming-Montreal Global Biodiversity Framework) oppnådd på FNs naturoppmøte COP 15. Avtala skal bidra til å stoppe den menneskelege øydelegginga av naturen og begynne å gjenopprette det som allereie er øydelagt. Det er satt 4 mål og 23 delmål.

Nasjonale føringar

Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold skildrar korleis regjeringa si politikk skal gå fram for å ta vare på naturmangfaldet. Eit av måla i meldinga er å styrke kommunens kompetanse om naturmangfold.

Den største trugselen for naturmangfaldet i Norge er nedbygging. Regjeringa har satt som mål å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjoner. For å sikre dette vil regjeringa blant anna:

- Betre forvaltninga av eksisterande verneområde
- Verne naturtypar og økosystem som i dag er mindre godt dekka
- Vurdere utviding av eksisterande verneområde og prøve ut frivilling vern i fleire naturtypar enn skog
- Bruke arealbaserte verkemiddel slik at dei kan gje effektiv og langsiktig vern mot aktuelle påverknader

Klima og Miljødepartementes rundskriv T – 2/16 - Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet. Dette

rundskrivet klargjer klima – og miljøomsyn av nasjonal og vesentleg betydning, som skal verte iverateteke i den kommunale arealplanlegginga.

Regionale føringar

Viken fylkeskommune har utarbeida Vegen til eit berekraftig Viken – Regional planstrategi 2020 – 2024 som seier korleis Viken-samfunnet skal ta vare på jorda vår. Innsatsområde 6 omhandlar miljø, økosystem og biologisk mangfold, og det er satt 11 mål for innsatsområdet. Dette er eit utval av måla:

- Ivareta biologisk mangfold
- Hindre spreiling av framande artar
- Ivareta kulturlandskap, landbruksområde, naturområde, leveområde for dyr og planter
- God miljøtilstand i vatn, hav og vassdrag
- Auka bevisstgjering rundt hyttebygging, særleg i område med verdifulle naturtypar og beiteområde

Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken 2022 – 2027. Ein plan som presenterer korleis vannmiljøet og vannressursane i vannregionen skal verte forvalta i eit langsiktig perspektiv slik at me oppfyller mål om god økologisk og kjemisk tilstand i tråd med vannforskriften.

Viken fylkeskommunes temastrategi for biologisk mangfold, 11.05.2022. Formålet er å møte målsettingar for biologisk mangfold i regional planstrategi.

Lokale føringar

Kommunedelplan for naturmangfold vil naturlig samhandle med kommuneplanens samfunnsdel 2019 – 2030. I denne planen er det satt mål og strategiar for miljø.

Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 vert også viktig å skjelne til og dannar utgangspunkt for kva område eit kan forvente utbygging i og kva ein bør innhente kunnskap om dersom denne manglar. Regional plan for Nordfjella og Raudafjell 2014 – 2025 er og ein særskilt viktig plan med tanke på villreinens leveområde i Hemsedal og forvaltninga her.

Kommunedelplan for Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet (FIFA) må også samhandle med plan for Naturmangfold i høve tilrettelegging og bruk i områder med sårbare naturtypar og artar.



Orkideen korallrot
Foto: Jørn Magne Forland

Lovar og forskrifter

Naturmangfaldsloven er den mest sentrale loven når det gjelder naturforvaltning. Den gjelder for alle (frå enkeltpersonar til staten) og for alle tiltak (små og store) som berører natur. Plan- og bygningsloven stiller krav til berekraftig utvikling og gir muligheter til å ta miljøomsyn i arealforvaltninga.

Formålsparagrafane i skoglova og jordbrukslova trekk fram viktigheten av omsyn til miljø og naturmangfold innan dei to sektorane. PEFC-standarden er også eit viktig verktøy som skogbruket forheld seg til. Vannressursloven har føresegner om kantvegetasjon langs vassdrag, mens miljøinformasjonsloven bl.a. stiller krav til at kommunar skal ha tilstrekkeleg miljøinformasjon til å utføre sine oppgåver og at denne informasjonen skal vere offentleg tilgjengeleg.

Anna regelverk som påverker naturmangfaldet er *nydyrkingsforskrifta, friluftsloven, viltloven, forskrift om fredning av artar, forskrifter til prioriterte artar m.m.*

Forvaltningsverktøy


NiN (natur i Norge) er gjeldande verktøy som forvaltninga skal nytte ved kartlegging av naturtypar.

Norsk raudliste for artar, norsk raudliste for naturtypar og den internasjonale raudlista (IUCN red list) gir oss kunnskap om artar og naturtypar som står i fare for å forsvinne frå norsk natur, og som me har eit ekstra ansvar for å forvalte på ein berekraftig måte.

Det finns eigne nasjonal handlingsplanar for utvalde naturtypar og for prioriterte artar. Ulike strategiar kan også vere til hjelp, som til dømes nasjonal pollinatorstrategi.



*Buskskvett
Foto: Heiko Liebel*



Trusler mot naturmangdfald. Kjelde: Artsdatabanken.

Utfordringane for naturmangfaldet er komplekst og samansatt med mange faktorar som påverker kvar for seg eller saman. Ofte er den tilgjengelege kunnskapen om kva som finns av naturverdiar kring oss liten. I tillegg kan det vere vanskeleg å forutseie kva konkrete tiltak på naturen kan leie til av konsekvensar. For at kommunane og forvaltninga elles skal kunne vite korleis man skal ta vare på naturmangfaldet i kommunen, er det viktig å ha kunnskap om naturverdiane som finns i kommunen.

Arealendringar og tap av leveområde


I følgje Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld.St. 14) så er arealendringar i dag den største direkte negative påverknadsfaktoren på naturmangfaldet, både nasjonalt og globalt. Og i følgje Artsdatabanken påverker arealendringar 9 av 10 trua artar på landsbasis. Arealendringar omfattar:

- tap av habitat (at areal vert teke i bruk til noko anna og leveområdet dermed går tapt),
- forringing (at leveområde får dårligare tilstand)
- fragmentering (fysiske inngrep og barrierer som deler opp leveområda)

Bygging av fritidsbustadar utgjer ein stor del av den samla arealforvaltninga i Hemsedal kommune og naturmangfaldet vert påverka i både større og mindre grad. I tillegg kjem skogsbilvegbygging og annan utbygging.

I takt med at me vert fleire folk vert det også behov for fleire bustadar, vegar, mineral og ein større matproduksjon. Meir fornybar energi er heilt naudsynt for å redusere utslepp frå fossil energiproduksjon, samstundes som utbygging av vindkraft og vannkraft utgjer store arealinngrep som kan leie til tap av verdifull natur. Arealinngrep er difor ofte naudsynt, men det er viktig at det vert gjort med minst mogeleg konsekvens for naturen.

Eit kartbasert arealrekneskap vil kunne sikre berekraftig arealforvaltning og vern av viktige naturressursar. Hemsedal kommune er pilotkommune saman med andre kommunar i Viken og skal få utarbeida arealrekneskap.



Ein rapport frå Naturpanelet (2022) pekar på nokre utfordringar med å vege verdiar i naturen opp mot andre samfunnsomsyn:

- Dominerande fokus på kortsiktig profitt og økonomisk vekst ekskluderar ofte omsyn til naturverdi i politiske slutningar.
- Økonomiske og politiske slutningar har prioritert visse naturverdiar, som er knytt til energibruk, materialer og mat som produserast intensivt.
- Markedsverdiar reflekterer ikkje tlstrekkeleg korleis endringar i naturen påvirkar folks livskvalitet og langsiktig fungerande natursystem.
- Politikkutforming overser dei mange ikkjemarknadsmessige verdiane knytt til naturens bidrag til menneske, som klimaregulering og kulturell identitet

Framande artar

Artar som finns utafor deira naturlege utbreilingsområde vert rekna som framande artar. Dei har komme til Norge ved menneskets bevisste eller ubevisste hjelp. Auka handel, globalisering og klimaendringar vil forsterke spreiling framover. Når ein framand skadeleg art inntar nye områder, kan den skade naturmangfaldet på fleire måtar:
-Den kan endre leveområde og fortrenge artar som finns naturleg på staden, for eksempel ved utkonkurrering av næring eller leveområde,
-vere bærar av parasitt og sjukdommar eller krysser seg med artar som finns naturlig på staden. Ved å krysser seg med artar som finns naturlig på staden, kan det genetiske mangfaldet i arten som finns naturleg på steden verte minskar.

Skjøtsel og attgroing

For alle artar som er avhengig av skjøtsel er attgroing ein stor trugsel mot det biologiske mangfaldet. Dette gjeld spesielt for artane i kulturlandskapet. Slåttemarker og naturbeitemarker gror att på grunn av endra bruk av desse areala i tillegg til færre dyr på beite.

Forureining og forsøpling

Forureining er den nest største grunnen til at artar er utryddingstruga i norsk natur. Avhengig av type og mengde forureining vert liv påverka negativt. Kanskje klarar dei ikkje reproduksjon, kanskje veks dei seg ikkje like store og sterke, kanskje får dei ikkje i seg nok næring fordi magen er full av plast, eller dei dør tidlegare. Mange miljøgifter lagrast i feittet og gjer at dyr øvst i næringskjeda vert mest påverka, fordi dei et andre dyr med miljøgifter i seg. Forureining kan føre til at få tolerante artar som tåler



Storehorn og Veslehorn
Foto: Jørn Magne Forland

forureining overlev, medan dei som ikkje er tolerante, døyr. Artsdiversiteten går dermed ned.

Lysforureining (uønska eller overflødig kunstig lys) påverker insekter, fuglar, pattedyr, amfibier og planters biologiske rytme og kan endre atferden deira. I hytteområder kan lysforureining ofte vere ein utfordring.

Klimaendringar

Klimaendringer er forventa å vere ein aukande trugsel mot naturmangfaldet i åra som kjem. Klimaendringane påverker norsk natur og mange konsekvensar av klimaendringar er allereie observert. Konsekvensane vil stadig bli større ettersom klimaendringene er forventa å auke (www.miljostatus.no). Når klimaet endrar seg og temperaturane auker, vil artane forsøke å tilpasse seg for eksempel ved å flytte seg til kjølegare strøk. Nokon vil klare det, men mange vil ikkje. Øydelagt natur forverrar konsekvensane av klimaendringane, og klimaendringar på si side forverrer naturøydeleggingane.

Slitasje på naturområde

I naturområder med mykje ferdsel vil det spesielt kunne oppstå slitasje der vegetasjonen har dårlig evne til å reparere seg sjølv. Slitasjen vil kunne verte forverra av klimaendringar, då især av mykje nedbør over kort tid. Me ser slitasje som ein særskilt utfordring for høgfjellsnatur der vegetasjonsdekket er tynt og der mange ynskjer å ferdast. I tillegg vil ferdsel i våtmarksområder, som til dømes i myr, kunne leie til slitasje.

Hausting

Menneske har hausta og utnytta naturen gjennom fleire århundrer, og artar har forsvunne frå jorda til alle tider. Forskjellen no er at det skjer i eit mykje høgare tempo. Teknologi, menneskeskapte klimaendringar, befolningsvekst og stigande forbruk sett i dag naturgrunnlaget vårt under stort press. Kortsiktige økonomiske interesser kan leie til overhausting av naturressursane.



*Rjukandefossen
Foto: Jørn Magne Forland*




Heilo
Foto: Heiko Liebel

Hemsedal har stor variasjon i natur. Det er mykje fjell- og våtmarksområde, kulturlandskap og vassdrag i tillegg til skog i dalbotnen og opp mot fjellet. Den store variasjonen i natur gjev også grunnlag for levestadar for mange artar. Dei nordvestlege delane av Hemsedal er ein del av levestaden til villreinen i Nordfjella og det er knytt stort arts mangfald til kulturlandskap som har vorte holdt i hevd gjennom mange generasjonar.

Kva er verna?

Hydalen vart verna som landskapsvernombåde i 1989 og føremålet er å ta vare på eit aust-norsk seterdalføre med eit storslått naturlandskap som har uvanleg fin veksling i topografi og planteliv, samt og å ta vare på eit karakteristisk kulturlandskap. På eige initiativ har grunneigarar i Holstein og Fjellstølane verna eit område her i reguleringsplan for området.


Delar av det statleg sikra friluftsområdet Rjukandefossen er også verna som naturvernombåde, etter plan og bygningslova. Verna vassdrag i Hemsedal er Skogshornområdet, Hornsbekken, Mørkedøla og Grøndøla.



*Hest på beite foran
Skogshorn
Foto: Jørn Magne Forland*

Kartleggingar

Biofokus har, på oppdrag frå Viken Fylkeskommune, utarbeida kartleggingsstatus for viktige naturtyper i Viken per 2021.



Kva er kartlagt?

Fyrste gong det var gjennomført kartlegging var i 2001, då etter DN-Håndbok 13 (Kartlegging av naturtyper) og dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Hallingdalskommunane med støtte frå Staten. Då vart det fokusert på kartlegging av kulturlandskap og 67 av 92 kartlagte områder i Hemsedal var ugyptsla mark (naturbeitemark, slåttemark og hagemark).


I 2003 vart det gjort ei kartlegging av viltet i Hemsedal, og kommunen fekk då oppdatert kunnskap om våtmarksfugl, rovfuglar, skogsfugl og om viltets trekkvegar. Tidlegare kunnskapsgrunnlag var Fylkesmannen i Buskerud sitt viltkart frå 1986.

Rekartlegging og oppdatering av tidlegare kartfesta kunnskap er viktig, og i 2011 vart det gjort ein gjennomgang av 2001-kartlegginga. I tillegg vart det også kartlagt nye lokalitetar. DN-håndbok 13 var då fortsatt gjeldande metodikk.

Som ein del av ei nasjonal kartlegging av bekkekløfter vart Lauvdøla og Sollaustbekken kartlagt i 2008. Sommaren 2021 vart kartlagte områder for våtmarksfugl frå 2003 gjenstand for rekartlegging. Det ornitologiske miljøet i Hemsedal har elles mykje kunnskap om viktige områder for fugl, og har laga ein oppdatert kunnskapsgrunnlag. Det er


også gjennomført våtmarksfuglkartlegging sommaren 2022. Miljødirektoratet har vidare kartlagt natur etter NiN-metodikken i 2022. I artsdatabankens artskart ligg det informasjon om artar som både institusjonar og privatpersonar har registrert opp gjennom åra, tilsaman over 30 000 observasjonar av pattedyr, fugl, fisk, karplanter, moser, sopp, lav mm. Over 27 000 av artane som er observert har status livskraftig. Det betyr at desse artane har liten eller ingen risiko for å døy ut dersom dei rådande tilhøva held fram. 2300 artar er plassert på raudlista, med drøye 1600 av dei som nær truga. For ordensskuld kan det nemnast at over halvparten av observasjonane er av fugl og ein tredel av dei er karplanter.

Samla sett vert kartleggingsstatus for Hemsedal kommune vurdert som «lite - ufullstendig kartlagt» for store delar av kommunen. Areala rekna som «ufullstendig kartlagt» er knytt til område med nyare DN-13-kartleggingar, større hytteområde/ alpinanlegg og areal i låglandet. Store høyreliggande område inkludert areal med rik berggrunn, later ikkje til å vere undersøkt og er vurdert til «lite kartlagt». Kartlegging av bekkekløfter er temakartlegginger med hovedfokus på skog. Det kan difor forekomme viktige verdiar knytt til ei rekke naturtyper utanfor skog som ikkje er fanga opp.



Myrfoiol
Foto: Jørn Magne Forland

Naturtyper i Hemsedal




DN Håndbok 13 og forklaring til figuren.

Nasjonalt viktige naturtyper (A) er naturtyper der lokaliteten anten har raudlisteartar eller vegetasjonstypar i kategoriene kritisk trua (CR) og sterkt trua (EN). Regionalt viktige naturtyper (B) er naturtyper der lokaliteten anten har raudlisteartar med kategorien sårbar (VU) og nær trua (NT) eller vegetasjonstypar i kategorien VU eller LR (hensynskrevende). Lokalt viktige naturtyper (C) er naturtyper som innhold lokalt sjeldne artar eller vegetasjonstypar.

NiN-systemet og forklaring til figuren:


På bakgrunn av ulike variablar skal lokalitetens tilstand og naturmangfold vurderast og verdsettast på kvar sin akse (figuren under). Deretter skal dei to aksane vektast for å gje éin samla verdi for lokalitetskvalitet i henhold til figuren under. For eksempel vil moderat tilstand og stort naturmangfold gje høg kvalitet.







Sør for Harahødn.
Foto: Jørn Magne Forland

Håndbok 13



Natur i Norge (NiN)



Det er mykje fjellnatur i Hemsedal, noko som har gitt sitt preg til kommunen og som stadig trekk til seg fleire fastbuande og gjester. Dei samanhengande fjellområda frå Skogshorn nord mot Høgeloft har vorte skåna for utbygging og har difor eit villmarkspreg mange stader. Fjellområda er lite kartlagt, men det er grunn til å tru at det er knytt stor artsmangfald til rasmarker og andre kalkrike

områder i fjellet. Kun ein lokalitet med kalkrike områder i fjellet er registrert i kommunen sjølv om det finns store areal med høge fjelltopper og rik berggrunn. Det er derfor grunn til å tro at fleire rike partier kan finnast i fjellet, inkludert område med godt potensiale for krevjande arter av blant anna moser og lav i tillegg til karplanter.



Villrein
Foto: Runar Tufto

Viktige artar

Hemsedal kommune er ein del av Nordfjella villreinområde, som også består av kommunane Ål, Hol, Lærdal, Aurland, Voss og Ulvik. Hemsedal sin del av villreinområdet ligg i sørvestre del av kommunen, tilgrensande til Ål og Lærdal. Villreinområdet er omfatta av Regional plan for Nordfjella og Raudafjell, som gjev føringar for bruken av området og skal sikre reinen tilstrekkelige leveområder og tilhøve, også for framtida. Noreg har Europas siste rest av villreinstamma, og har derfor eit særskilt ansvar for å teke vare på han.

Villreinbestanden i sone 1 er i dag sanert grunna skrantesjuke. Sjukdommen er ein sokalla prionsjukdom, og har alltid eit dødeleg utfall. Ein veit ikkje korleis smitta kom til


Noreg. Grunna dette har det også vore sterke restriksjonar på salteplassar for husdyr i området. Planen er at villreienen skal førast tilbake til Nordfjella, og området er derfor forvalta som om det skulle vore dyr i området.

Hemsedals del av villreinområdet har lite utbygging i form av fritidsbustader, men området er likevel eit populært friluftsområde og det køyrast langrennsløypar her om vinteren. Skisenteret med tilhøyrande utbygging er og ein nær nabo. Det er utbygd vannkraft her, som i sin tid demde opp ein viktig ferdselsveg for villreinen. Utfordringa framover er å klare å ivareta villreinens leveområde, samstundes som ein kan leggje til rette for turisme i eit høveleg omfang.



Blandingsskog i myr.
Foto: Jørn Magne Forland

Håndbok 13





*Furuskog
Foto: Jørn Magne Forland*



Elfenbenslav

Foto: Tom Hellik Hofton,
Biofokus.

Kartleggingen i skog er av svært varierande kvalitet, frå det som er forholdsvis godt kartlagt i samband med naturtypekartlegging etter DN-13 og MI, og temakartlegginger som bekkekløftprosjekt. I dei nevnte temakartleggingane bør dei mest aktuelle skogtypane vere fanga opp, mens andre naturtypar i større grad er nedprioritert. Kartleggingsgraden later i stor grad til å

vere lav i skog i dei resterande delane av kommunen. Det ligg heller ikkje fore nyare MiS-kartlegging i kommunen, men nokre eldre livsmiljø er registrert.

Viktige artar

Elfenbenslav er ein prioritert art som også har eigen forskrift i naturmangfaldsloven. Denne arten finns i Hemsedal.



*Prestekrageeng
Foto: Jørn Magne Forland*

Noreg har framleis eit mosaikkprega landskap, noko som i fleire land er forsvunne. I Hemsedal er jordbrukslandskap levande, noko som inneber ein mosaikk av slåttemarker, naturbeitemarker og hagemarkar i tillegg til dagens bruk og drift av fulldyrka areal. Som i resten av landet vert det stadig færre slåttemarker og naturbeitemarker, som ein konsekvens av endra driftsformer og færre dyr på beite. Varmare klima leier også til auka attgroing.

Kommunen har svært varierende kartleggingsgrad i kulturlandskapet frå store areal utan registreringer til verdifulle kulturlandskap, slåttemyrer og slåttemarker med skjøtselsplaner. Både slått og beite på innmark og setervollar samt utslårter og utmarksbeite har lange tradisjonar i regionen, og ressursar bør derfor prioriterast til kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet der oppgjødsling, gjengroing og i delar av kommunen også hyttebygging er pågående truslar mot det biologiske mangfoldet.

Semi-naturleg eng

I NiN-systemet har beite-, hage- og slåttemark blitt slått saman til ein naturtype; seminaturleg eng. Naturtypen er dominert av gras og urter, skapt av langvarig beite og målbevisst rydding av tre. Slått og beite hindrar til ein viss grad, ny etablering av buskar og tre.

Slått og beite medfører tap av biomasse og fjerning av næringsstoff. Engene har tradisjonelt og over tid ikkje fått tilført meir gjødsel enn det dyra bidreg med. Dette medfører lite næringsinnhald og artane som veks der har spesialisert seg på vekstforhold med lite næring. På dei mest næringsfattige engene kan næringsinnhaldet vere så lågt at det bare veks dei mest spesialiserte artane, som til dømes finnskjegg. På areal der jorda ikkje er for mager, oppstår det ein ballanse

mellom fjerning av næringsstoff ved beiting og slått, og naturleg næringstilgang frå forvitring, tilsig, regnvatn, nitrogenbindande bakteriar, sopp og alger. Der er artsmangfaldet høgt. Kalkrike enger har innslag av ulike orkidear og andre kalkkrevjande artar. Forstyrring som beite og slått, saman med knapp næringstilgang aukar mangfaldet. Slåtte- og beitemarker er dei mest artsrike økosystema i Norden.

Naturtypen seminaturleg eng omfattar òg gjødsla beiter og eng med monokultur. Vidare i kapittelet skil vi mellom naturbeite-, hage- og slåttemark, då dei tidlegare registreringane skil på dette.

Boreal hei


Boreal hei er ein naturtype som er påverka av menneske gjennom hogst og beiting utan at hevdregimet er så sterkt som til dømes ved slått. Typiske områder den finnast i, er rundt stølane i skoggrensa. Før i tida var det stort behov for brensel for å produsere ost og anna stølskost. Det var derfor naturleg å hogge tre og buskar for å få brensel. Vegetasjonen i botn fekk dermed meir ljós og meir ljoskrevjande artar spreidde seg inn. I tillegg har dyra beita rundt stølane og mange artar som er knytt til beiteenger har på den måten spreidd seg ut i frå stølsvollen.

Det er stor sannsyn for at det er fleire områder med boreal hei kring stølsområda, men som ikkje har blitt registrert.








I tillegg har det blitt færre stølar i drift og færre dyr på utmarksbeite. I Hemsedal var det 12 stølar som søkte på Regionalt Miljøtilskot for 2022. Landbruket i Hemsedal har mål om å utnytte utmarka betre, men på grunn av interessekonfliktar kan det vere vanskeleg. Beitedyra våre er viktig for å halde kulturlandskapet ope.



Håndbok 13



Natur i Norge (NiN)





Dølafe ved Vavatn.
Foto: Arne Smøttebråten

Pollinerande insekt

Pollinerande insekt speler ei viktig rolle i terrestriske økosystem, og bidreg samstundes til nasjonal og global matproduksjon. Nesten 90 prosent av verdas ville planter er avhengige av at insekt pollinerer dei. I tillegg treng heile 75 prosent av dyrka planteartar pollinatorar, deriblant mange frukt- og grønnsakssortar. Dessverre er pollinerande insekt utsett for en rekke trugsmål. Blant dei finn me arealendringar i landbruket, byutvikling, infrastruktur, klimaendringar, bruk av plantevernmidlar og framande artar.

Bevaringsverdige husdyr

Bevaringsverdig husdyrrasar i Norge er ei rase som vert rekna som nasjonal og med ei truga eller kritisk trua populasjonsstorleik. Kriteriene er satt av Norsk genressursenter saman med Genressursutvalet for husdyr. Desse rasane har vore i Noreg før 1950 og har lite innkryssingar av andre rasar. Vidare

må rasane framleis vere eller ha vore av næringsmessig og kulturhistorisk betydning. I Norge er det 28 rasar som truga og er fordelt på artane storfe, sau, fjørfe, geit, hest, hund, kanin og bie. Fleire av desse rasane er grunnlaget for dei konvensjonelle rasane me har i dag, til dømes Norsk Raudt Fe (NRF).

Dei gamle/lokale rasane er viktig som genressurs for det biologiske grunnlaget og for verdas mattryggelse. Det er difor i Noreg iverksatt eit berekraftig avlsarbeid og genbevaringsarbeid der det blant anna har vorte utarbeida eigne handlingsplanar for arbeidet. Det er videre satt av stønad som fremmar dyrehald med bevaringsverdige rasar i statens budsjett for jordbruksdepartementet.

I Hemsedal finns det åtte foretak som har bevaringsverdige rasar. For 2022 blei det søkt om: 29 storfe (Østlandsk rødkolle, Telemarksfe, Vestlands fjordfe og Dølafe), 83 sau (Bleset) og 1 hest fordelt på åtte gardar.



Dragehode
Foto: Jørn Magne Forland

Rasmark, berg og kantkratt



Rasmark

Foto: Jørn Magne Forland

Fleire lokalitetar er registrert, og potensielt finns også fleire med varierande eksposisjon, rikhet og artsmangfald. I tillegg inngår slike naturtypar trulig i ei lang rekke registrerte naturtypar, blant anna i skog og i bekkeklofter.

Det er grunn til å nemne at kommunen har ei lang rekke nyare registreringar av den freda arten apollosommerfugl (nær truet - NT). Arten er knytt til stupbratte sør vendte fjellsider, noko som finns ei lang rekke steder i kommunen. Berg, rasmark og kantkratt er, avhengig av eksposisjon og artsinventar, viktige for ei lang rekke arter frå ulike artsgrupper. Her er det per i dag svært få

naturtyper som er prioritert kartlagt etter Miljødirektoratets instruks, slik at naturtypene bør vurderast fanga opp på andre måtar ved framtidige kartleggingar.

Viktige artar

Dragehode, ein prioritert art, finns fleire stadar i Hemsedal. Denne karplanten har eigen handlingsplan og eigen forskrift i naturmangfaldloven.

Bergskrentar vil også kunne vere viktige hekkeplassar for enkelte sjeldne, sårbare og truga rovfuglartar med førekomst i Hemsedal.



Sangsvanefamilie
Foto: Heiko Liebel

Våtmark og ferskvath



Ein naturtype av typen flommark (lokalt viktig C), 2 naturtypar av typen kroksjø, flomdammar og meanderande elveparti (lokalt viktig C), ein naturtype av typen fossesprøytsone (viktig B), 2 naturtypar av typen naturleg fisketomme innsjøer og tjern (svært viktig A) og (viktig B) og ein slatte- og beitemyr (verdien B). Oppsummert i figuren.

17 lokalitetar innan Hovedøkosystem Våtmark (semi-naturlig myr og semi-naturlig våteng).

Våtmarker er verdifulle områder. Dei rommer eit mangfald av sjeldne artar, som er avhengige av dei særegne tilhøva som vert skapt der land og vatn møtast. På 1950 – talet var tilstanden for dei norske våtmarkene fortsatt god i store delar av landet, men sidan den gong har store våtmarksareal gått tapt. Endring i arealbruk er ein særleg viktig årsak til dagens situasjon på austlandet, og dei viktigaste trugslane mot norske våtmarker er utfylling og nedbygging, vannstandsregulering, oppdyrkning, drenering, skogplanting, forurensning, forsuring, spreiling av framande artar og forsøpling. I dag er tilstanden for dei gjenværande våtmarkene middels god. Samstundes er fleire av dei mest truga artane på den norske raudlista i Norge knytt til våtmarker, og 10,5 % av alle truga artar på den norske raudlista lever i våtmarksområder.

Myr er også ein type våtmark, som er viktig av fleire grunnar: Den er rastepllass for fugl og levestad for mange planter og dyr. Myr dempar flom, rensar vatn, lagrar karbon og er eit historisk arkiv.

Elva Hemsil renn sentralt gjennom heile kommunen og startar der Mørkedøla og Grøndøla får felles løp. Små sideelver som Lauvdøla, Sollaustbekken og Trøimsåni gjev sitt bidrag i form av vatn og levemiljø for både fisk og andre vannlevande organismer. Det er

mange store, mellomstore og mindre innsjøar spredd utover heile Hemsedal, og her kan blant anna nemnast Vavatn, Storevatn, Helsingvatn, Hydalstjernan, Vannin, Hornsvatnet og Ershovdtjernan. I og kring alle desse er det både fisk og våtmarksfugl. Myrområder finns også over heile kommunen, men hovedtyngda er knytt til områda rundt Vannin, på Kjølen, Vavatnområdet og ved Torsetstølane

Det er spesielt knytt artsmangfald til kantvegestasjon ut mot vatn og elv, og innsjøar med store sivbelter er spesielt viktige for våtmarksfugl på grunn av skjulmogelegheiter og trygge hekkeplassar. Grunne partier av både vatn og vassdrag er viktige næringsområder, som til dømes ved Eikredammen.

Det er betydelige arealer med ferskvann i Hemsedal, både knyttet til Hemsil og andre vann og vassdrag. Få naturtyper er imidlertid registrert knyttet til disse vassdragene om en ser bort fra bekkekløfter som hører inn under skog.

Tilknytta vatn og vassdrag er kantsoner/vegetasjonssoner, som utgjer viktige funksjonar både som levestad/skjul og trekkruter/forflytningsvegar for artar. I tillegg vil slike soner redusere erosjon ved flom.




*Lav og mose.
Foto: Jørn Magne Forland*

Genetisk mangfald

Biologisk mangfald er mangfaldet av ...



gen i ein populasjon



artar i eit område

leveområde og økosystem



*Biologisk mangfald
Foto: Thomas Bedin,
Biorender*

Genetisk variasjon innan same art kan gje ulik utsjånad og eigenskapar. Alle artar har tilpassa seg eit livsmiljø på sin spesielle måte. Innan same art er det ein genetisk variasjon som gjer at individ kan tilpasse seg ulike livsmiljø. Nokon artar har stor tilpassingsevne til livsmiljø, mens andre har mindre evne til tilpassing. På lang sikt er det genetiske mangfaldet og tilpassing til nye livsmiljø grunnlag for utvikling av nye artar.

Utan eit minimum av genetisk variasjon vil arten vere sårbar for endringar innan klima og miljø, sjukdom og konkurranse frå andre artar.

I framtida er genetisk variasjon svært viktig i til dømes matproduksjon. Genetisk variasjon i matplanter er sjølve grunnlaget for at jordbruket kan levere mat til verden. I variasjonen finn vi eigenskapar som kan møte

utfordringar som sjukdom, därleg jordsmonn, tørke, flom, og som gjer eit mangfald av smakar og eigenskapar.

For å ta vare på flest moglege landbruksvekster, også dei som ikkje blir dyrka i dag, er det oppretta genbankar. Rundt om i verda finnast det 1 400 genbankar. NordGen er eit lager som har som formål å samle inn og bevare genetiske ressursar for landbruk, husdyr og skogbruk for heile Norden. På svalbard ligg det globale frøhvelvet. Der ligg frø frå heile kloden langtidslagra.

Det er vanskeleg å spå kva for utfordringar matproduksjonen får i framtida. Det som er sikkert er at det blir fleire menneske som treng mat, og at det vil kome endringar i vekstforholda som gjer at "nye" sjukdommar og skadedyr vil dukke opp.



Lauvdøla
Foto: Sigve Reiso



Tur til Storhovda med utsikt mot Skogshorn.
Foto: Jørn Magne Forland

Nærområda til skulen, barnehagar og bustadfelt/bustadar representerer "kvardagsnaturen" vår og betyr mykje for dei som nyttar desse områda. Ikkje nødvendigvis på grunn av at det til dømes veks ein sjeldan mose der, eller fordi det er rikt med blomar, men fordi det er natur. Natur som ikkje er bygd ned eller gjort mykje med.

Hemsedal kommune gjennomført i 2018 ei kartlegging av friluftslivsområder i heile kommunen, der nærområder og områder viktig for leik og rekreasjon er registrert. I tillegg er grøntområder/ grøntstrukturar inkludert saman med utfartsområde. I sum vert denne kunnskapen viktig i naturmangfaldsplanen då me også må sjå friluftsliv og natur i samanheng.



Vipe
Foto: Heiko Liebel


Miljødirektoratet har fleire tilskotsordningar for naturområde med truga natur eller verdifulle kulturlandskap:

- Truga artar (til dømes karplanten dragehode, som finns i Hemsedal)
- Truga naturtypar (til dømes slåttemark og slåttemyr, som finns i Hemsedal)
- Ville pollinerande insekt
- Verdifulle kulturlandskapsområder (Hemsdal bygdetun og Hydalen)

Miljødirektoratet har også tilskotsordning til tiltak retta mot framande organismer.

Landbruksdirektoratet har tilskotsordningar som RMP (regional miljøprogram) og SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket). Spesielt vil det innanfor SMIL-ordninga kunne gjevast tilskot til ivaretaking av biologisk mangfald i slåttemark og naturbeitemarker.

Fylkeskommunen har tilskotsordning til restaurering av vann-og våtmarksområder.



Haust ved Hemsil.
Foto: Jørn Magne Forland

Ved å gjennomføre ei rekke tiltak skal Hemsedal kommune klare å ta vare på sitt naturmangfold. Auka kartlegging og kunnskapsinnhenting vil styrke beslutningsgrunnlaget knytt til planar og anna forvaltning i større grad, og bidra til at dei naudsynte omsyna som skal til kjem på plass. Tiltaka under er av ulik art, nokon vil raskt kunne implementerast medan andre vil ta lengre tid å få på plass. Fleire tiltak har også ein kostnad. Det presiserast at frist for gjennomføring av tiltak ikkje er absolutt.

Mål 1: Få god oversikt over naturmangfaldet i kommunen.

Namn på tiltak	Skildring	Ansvarleg	Frist/ Ressursar
Realisering av kommunedel- planen	Planen skal gjelde for ein 4 års periode. Handlingsplanen skal i samsvar med plan- og bygningslova reviderast kvart år i forbindning med kommunens budsjett- og handlingsplanar. Ei arbeidsgruppe skal bli satt etter vedtak av planen. Arbeidsgruppa skal gjere planen kjent i organisasjonen, samt realisere måla.	Teknisk etat	Arb.gr. møtast jamnleg for framdrift. Plan, miljø og landbruk møter.
Kartlegging av naturmangfold	NiN-kartlegging og anna kartlegging, både i kommunal og statleg regi. Vurdere kvart år, samt ajourføring av tidlegare kartleggingar. Pressområde og viktig natur bør prioriterast; skog, våtmark og kulturlandskap.	Kommunen og statsforvaltar	Løpende Avklarast med årleg økonomi- plan.
Rekartlegging	Skog (MiS-figurar). Semi-naturleg eng. Myr.	Kommunen og statsforvaltar	Løpende Avklarast med årleg økonomi- plan.
Informasjon	Utarbeide informasjonsmateriell for særskilte naturtypar og/eller artar – spesielt i populære friluftslivsområde. Informasjon til grunneiere om verdifull natur og sårbare arter på deira eigedom. Temakart for naturmangfold. Informasjon om naturmangfold og kommunen sitt arbeid skal vere tilgjengeleg på heimesida til kommunen.	Kommunen	01.10.2024
Arealrekneskap	Eit arealrekneskap skal gje kommunen betre kunnskapsgrunnlag for å gjere alternativvurderingar for omdisponering for å unngå tap og nedbygging av særleg verdifulle arealer.	Kommune/ Frivillige lag og org.	Ferdig til pilot- prosjekt til Viken fk er klart.



Mål 2: Nytte kunnskapsgrunnlaget i forvaltning og bruk av areal

Namn på tiltak	Skildring	Ansvarleg	Frist
Føringar/ retnings- liner for arealbruk	<p>a) Ikkje tillate utbygging eller annan tilrettelegging som reduserer inngrepstilfelle naturområder. Samanhengande og urørt natur skal skjermast mot utbygging.</p> <p>b) Ikkje tillate utbygging eller annan tilrettelegging som aukar ferdsel inn i sårbare naturområder.</p> <p>c) Prioritere fortetting av eksisterande byggeområde framfor etablering av nye.</p> <p>d) Bevare viktige grøntstrukturar for viltet, og kantsoner/vegetasjonssoner langs vatn og vassdrag, samt grønnstrukturar i landskapet der dette har funksjon som korridor.</p> <p>e) Krav om avbøtande tiltak.</p> <p>f) Ikkje forringe miljøtilstanden i elv, bekk og innsjø (jf. paragraf 11 i vassforskrifta).</p> <p>g) I perioden fram til ny revidering av arealdelen skal eldre reguleringsplanar (eldre enn 10 år) og urealiserte utbyggingsområder gåast igjennom for å sjekke samsvar med overordna føringar.</p> <p>h) Følgje opp tiltak mot lysforureining ved revidering av arealdelen til kommuneplan for Hemsedal.</p> <p>i) Klimatilpassing: opning av lukka bekkar, utbetring av kulvertar, fjerning av vandringshindre for fisk osv.</p> <p>j) Fylgje opp måla for villrein i regional plan for villrein i Nordfjella og Raudafjell med tilhøyrande tiltaksplan.</p> <p>Kommunen skal samarbeide om og bidra til regional plan for Nordfjella med tilhøyrande handlingsdel og tiltaksplan for Nordfjella villreinområde, samt samarbeide med og følge opp villreinnemnda og andre aktuelle myndigheter i alle relevante saker og planer.</p>	Planadv.	Løpende
	Etablere tilstrekkelege omsynssoner for sårbare naturtypar og artar i plan.		
	Involvering av miljøfagleg kompetanse i oppstartsmøter.		
	Ved tilrettelegging for friluftsliv må det takast omsyn til landskap/naturmangfold og naturopplevelingar.		
	Føre-var-prinsippet skal gjelde.		
	Feltkartlegging skal pålegges så langt det har hjemmel i gjeldende lovverk.		
	Miljødirektoratets forslag til forbud mot nedbygging av myr til utbyggingsformål skal være førende for kommunens arbeid med arealplaner.		

Tiltaksplan

Skjøtsel og ressurs-utnytting	Etablering av blomsterenger i kommunale parker/grøntareal. Sein slått av vegkantar langs kommunale vegar der det er mogleg. Drift av kommuneskogen skal vere eit eksempel for etterfylging ved ivaretaking av biologisk mangfald. Kommunen skal unngå hogst i hekketida. Vurdere frivillig vern av kommunal skog. Dialog og samarbeid med skogeigarforening og grunneigerar ved hogst i områder med kjente naturverdiar. Stimulere til naturvennleg hogst framfor flatehogst.	Miljø/eigedom Eigedom Skog	Innan 01.07.2024: Lage plan for gj.føring. Løpande Løpande
Framande artar	Gjennomføre tiltak i hht plan.	Landbruk Miljø	Løpande 01.05.2025

Mål 3: Gje eit utgangspunkt for utarbeiding av handlingsplanar

Namn på tiltak	Skildring	Ansvarleg	Frist
Handlingsplan for myr og slåttemark	Planen skal utarbeidast i samråd med grunneigarar og gje eit praktisk utgangspunkt.	Miljø	01.05.2025
Handlingsplan for tiltak mot framande artar	Handlingsplanen skal ha som mål å gje betre oversikt over trugsmåla dei framande artane utgjer, samt ei prioritert rekkeylgje.	Miljø	01.05.2025

